

# Referat møte i ungdomsrådet

Tid: 29.01.2024 kl 1630 – 1800

Stad: Teams

**Brukarrepresentantar:**

Lilja Eveline Mortensdatter Steen (Hørselhemmedes Landsforbunds Ungdom), Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handikapforbunds Ungdom)

**Vararepresentant:** Silje Solvang (Norges Blindeforbunds Ungdom)

**Forfall:** Casper Rønning (Norges Blindeforbunds Ungdom) og Dennis Thomassen (Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmde/døvblinde)

**Fra Statped:** Kristin Fastvold (møteleiar), Terje Andreas Malin, Maren-Johanne Nordby (1630-1730) og Alice Walgermo (referent)

Saksnr	Saker
	Sakslista vart godkjend.
	Faste saker
01/24	<p><b>Status i Statped</b></p> <p><u>Tildelingsbrev til Statped frå KD</u> Tildelingsbrevet har fylgjande tre hovudmål:</p> <p>1. <i>Kommuner og fylkeskommuner får tjenester og støtte til kompetanseutvikling som fremmer læring, utvikling og deltagelse i et inkluderende fellesskap til barn og elever med varige og komplekse spesialpedagogiske behov.</i></p> <p>2. <i>Barn og elever med rett til opplæring i og på tegnspråk er inkludert både i et norsk/samisk og et norsktegnspråklig fellesskap.</i></p> <p>3. <i>Kommuner og fylkeskommuner har tilrettelagte læremidler og pedagogisk materiell som fremmer læring, utvikling og deltagelse for tegnspråklige, blinde og sterkt svaksynte barn og elever i et inkluderende fellesskap.</i></p> <p><u>Intern evaluering av organisasjonskartet</u> Det vil bli gjennomført ei intern evaluering av organisasjonskartet til Statped ila mai.</p> <p><u>Elevkurs på syn og hørsel</u> Evalueringssrapporten til elevkurs på syn og hørsel er under arbeid og skal vere klår ila februar.</p> <p><u>Statpedkonferansen 2024</u> Statpedkonferansen er digital og vil føregå 25.april. Konferansen er gratis og har eit spennande program. <a href="#">Sjå her for meir info.</a></p> <p><u>Tenesteforløpet</u> Eit tenesteforløp er ei skildring av fasar og aktivitetar i ei teneste sett i system. Tenesteforløpet får fram ansvarsfordelinga mellom involverte aktørar. Statped har utarbeidd ein rettleiar som har vore pilotert. Implementeringa er no i gong. Ta gjerne eit blikk på <a href="#">informasjonen som ligg på nettsidene</a> og send evt. innspel til Alice.</p>

	Nye saker
	Informasjonssaker
<b>02/24</b>	<p><b>Ufrivilleg skulefråver (vedlegg 1)</b></p> <p>Maren-Johanne Nordby frå avdeling Sammensatte lærevansker (SLV) i Statped hadde eit innlegg om ufrivilleg skulefråver. Nordby peika på at elevstemma manglar i forskinga rundt ufrivilleg skulefråver.</p> <p>Brukarrepresentantane kom med nyttige innspel og vart oppmoda til å sende ytterlegare kommentarar til epostadressa maren-johanne.nordby@statped.no</p>
<b>03/24</b>	<p><b>Infopakke Statped</b></p> <p>I presentasjonen som omhandla oppsummeringa av Evalueringa av brukarrådsarbeid i Statped 2022 – 2023, vart følgjande konkludert:</p> <p>«Statped utarbeider en informasjonspakke om Statped og brukerrådsarbeidet i Statped til brukerrepresentantene».</p> <p>Brukarrepresentantane i Ungdomsrådet får no moglegheit til å komme med innspel.</p> <p>Det kom eit ynskje om å få opplæring i kva som ligg i omgrepene «brukarmedverknad» og korleis ein skal klare å kommunisere brukarmedverknaden for brukarane.</p> <p>Brukarrepresentantane vil få moglegheit til å komme med ytterlegare innspel etterkvart som arbeidet skrid framover.</p>
<b>04/24</b>	<p><b>Brukarkonferansen 2024</b></p> <p>Brukarkonferansen er ein årleg fysisk konferanse. Det er ynskjeleg med ein representant frå ungdomsrådet inn i programkomiteen.</p> <p>Silje Solvang (NBFU) er ungdomsrådet sin representant inn i arbeidet.</p>
Evt	<p><b>Oppnemning av nye brukarråd – oppnemningsperiode</b></p> <p>Det er ynskjeleg med ein diskusjon rundt oppnemningsperioden til brukarrepresentantane. Brukarrepresentantane vart oppmoda til å gje innspel på følgjande alternativ:</p> <p><b>Alternativ 1:</b> 2-årsperioden fylg <i>skuleåret</i>. Oppstartsmøte november 2024.</p> <p><b>Alternativ 2:</b> 2-årsperioden fylg <i>kalendaråret</i>. Noverande representantar får utvida eiga funksjonstid ut 2024. Oppstartsmøte februar 2025.</p> <p>I etterkant av møtet vart det bestemt at oppnemningsperioden fylg <i>kalendaråret</i>. Det vil bli sendt ut eit eige brev til brukarorganisasjonane.</p>